

Møteprotokoll

Utval: Giske kontrollutval

Møtestad: Giske rådhus, møterom aust og vest 3. etg

Dato: 21.11.2024

Tidspunkt: kl. 13:30 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte

Gunnar Mørsund

Kåre Harald Sæter

Lillian Skarmyr Olsen

Forfall

Anne Lise Roald, møtte ikkje

Stig Gjethammer

Møtande varamedlem

Otto Stornes

Møtenotat

Andre tilstades i møtet:

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram frå Møre og Romsdal Revisjon SA var til stades i møtet og fagansvarleg forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen deltok på Teams i sak 26/24 og 27/24.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok seniorrådgivar Solveig Kvamme

Det var ikkje kalla inn vara for representanten Roald.

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 24/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 25/24 Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2024
- PS 26/24 Bestilling av undersøking innan byggesaksforvaltning
- PS 27/24 Plan for eigarskapskontroll 2024-2027
- PS 28/24 Møteplan 2025 - Giske kontrollutval
- .
- PS 29/24 Meldingar
- MS 16/24 Informasjon om opplæring og kurs for kontrollutvalet 2025
- MS 17/24 Fagwebinar for kontrollutval 01.11.2024 - Forum for kontroll og tilsyn FKT
- MS 18/24 Melding om vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027
- MS 19/24 Informasjon om eigarskap i selskap

PS 24/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Giske kontrollutval 21.11.2024

GKU 24/24 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 25/24 Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2024

Giske kontrollutval 21.11.2024

GKU 25/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.

Behandling

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram gjekk gjennom korleis revisor har planlagt å gjennomføre revisjon av kommunerekneskapen 2024. Revisor svarte på dei spørsmål utvalet hadde undervegs.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.

PS 26/24 Bestilling av undersøking innan byggesaksforvaltning

Giske kontrollutval 21.11.2024

GKU 26/24 Vedtak:

- Giske kontrollutval bestiller ei undersøking av byggesaksforvaltninga i Giske kommune og ber Møre og Romsdal Revisjon SA om å utføre denne på bakgrunn av saksframlegget og drøftinga i utvalet.

- Ressursramma for undersøkinga er inntil 150 timer og kontrollutvalet ber om at rapporten vert levert sekretariatet seinast 10. mars 2025.
- Utvalet ber sekretariatet halde den løpande dialogen med revisjonen, slik at utvalet kan bli orientert om status på sitt første møte i 2025.

Behandling

Tillegg i punkt 1, foreslått av Kåre Harald Sæter:

legg til følgjande til slutt i første setning: *på bakgrunn av saksframlegget og drøftinga i utvalet.*

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen deltok i denne saka på Teams. Utvalet drøfta bestillinga og gav innspel til revisor på moment utvalet yngksjr blir sett på gjennom undersøking.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

- Giske kontrollutval bestiller ei undersøking av byggesaksforvaltninga i Giske kommune og ber Møre og Romsdal Revisjon SA om å utføre denne.
- Ressursramma for undersøkinga er inntil 150 timer og kontrollutvalet ber om at rapporten vert levert sekretariatet seinast 10. mars 2025.
- Utvalet ber sekretariatet halde den løpande dialogen med revisjonen, slik at utvalet kan bli orientert om status på sitt første møte i 2025.

PS 27/24 Plan for eigarskapskontroll 2024-2027

Giske kontrollutval 21.11.2024

GPU 27/24 Vedtak:

Kontrollutvalet bed sekretariatet om å redigere Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 ut frå det som kom fram i møtet, og sende den over til Giske kommunestyre med kontrollutvalet si tilråding.

Giske kontrollutval si tilråding er:

- Giske kommunestyre vedtek Plan for eigarskapskontroll 2024-2027, slik den ligg føre.
- Kontrollutvalet føreset at eigarskapsmeldinga er vedteken av kommunestyret før utvalet kan bestille ein eigarskapskontroll.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet mynde til å endre planen, dersom utvalet vurderer at risiko- og vesetlegheit vert endra.

- Kommunestyret kan når som helst be kontrollutvalet om å utføre andre kontrollhandlingar knytt til kommunen sine eigarskap enn det som kjem fram i planen.

Behandling

tilllegg, vert andre kulepunkt: , foreslått av Kåre Harald Sæter:

Kontrollutvalet føreset at eigarskapsmeldinga er vedteken av kommunestyret før utvalet kan bestille ein eigarskapskontroll.

Utvalet drøfta forslaget til plan for eigarskapskontroll 2024-2027 og ynskjer å presisere at det er ein føresetnad at kommunestyret har vedteke Giske kommune si eigarskapsmelding før eigarskapskontrollen kan bestillast.

Forrige periode vedtok kommunestyret eigarskapsmeldinga så seint (våren 2023), at utvalet ikkje rakk å gjennomføre noko eigarskapskontroll.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet bed sekretariatet om å redigere Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 ut frå det som kjem fram i møtet, og sende den over til Giske kommunestyre med kontrollutvalet si tilråding.

Giske kontrollutval si tilråding er:

- Giske kommunestyre vedtek Plan for eigarskapskontroll 2024-2027, slik den ligg føre.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet mynde til å endre planen, dersom utvalet vurderer at risiko- og vesetlegheit vert endra.
- Kommunestyret kan når om helst be kontrollutvalet om å utføre andre kontrollhandlingar knytt til kommunen sine eigarskap, enn det som kjem fram i planen.

PS 28/24 Møteplan 2025 - Giske kontrollutval

Giske kontrollutval 21.11.2024

GKU 28/24 Vedtak:

Møteplan for Giske kontrollutval i 2025:

1. møtet: 13. februar
2. møtet: 20. mars
3. møtet: 15. mai
4. møtet: 18. september
5. møtet: 20. november

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Møteplan for Giske kontrollutval i 2025:

1. møtet: 13. februar
2. møtet: 20. mars
3. møtet: 15. mai
4. møtet: 18. september
5. møtet: 20. november

PS 29/24 Meldingar**MS 16/24 Informasjon om opplæring og kurs for kontrollutvalet 2025**

Giske kontrollutval 21.11.2024

GPU 16/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Medlemmer som ynskjer å delta på kontrollutvalskonferansen, avklarar dette med leiar før påmelding.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 17/24 Fagwebinar for kontrollutval 01.11.2024 - Forum for kontroll og tilsyn FKT

Giske kontrollutval 21.11.2024

GPU 17/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Leiar deltok på dette webinarret, og opplevde det nyttig. Utvalet fekk ein kort munnleg rapport.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 18/24 Melding om vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027

Giske kontrollutval 21.11.2024

GKU 18/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 19/24 Informasjon om eigarskap i selskap

Giske kontrollutval 21.11.2024

GKU 19/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Kontrollutvalet finn det nyttig å vere informerte om dei ulike eigarmøta. Sett i lys av saka om plan for eigarskapskontroll, vil det i referata frå eigarmøta kome informasjon om Giske kommune er til stades og forvaltar eigarskapen.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.